



Uskedaltrio som vant stafett for 2 år sidan: Kari Bråtun, Solveig Haugland og Maren Bjønebøle (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Snøtilhøva er ypperlege i Fjellhaugen og søndag startar skisesongen for fullt med det første karusellrennet, som er klassisk og som vårt lag har ansvaret for. Opplegget er det vanlege med barneskirenn klokka 12 og hovudrennet ein time etterpå.**

**Så går det slag i slag fram til 11. mars, då stafettane vert avvikla. av Omvikdal Undervegs har UIL også ansvaret for Telenor-rennet i fristil 3 februar og det er ialt 5 renn pluss stafetten.**

Sundag 5. februar arrangerer Matre med skibyte, onsdag 8. februar er det Rosendals tur med fristil og søndag 19. februar skal Ternen ha KM i fristil.

Skigruppa har elles høge ambisjonar på vegne av dei flinke utøvarane sine og ein dag i romjula hadde dei bistand av den hittil flinkaste trenaren som har vore på visitt i Uskedalen. Han imponerte både aktive og meir passive.

Det var Knut Tore Berland frå Matre, som bur på Lilehammer og som blant fleire store oppgåver har vore trenar for det dyktige skiskyttarlandslaget. Han har også hatt trenaroppdrag utanom landets grenser..

Av Ola Matti Mathisen